

Høyringsuttale (KF-239)



Referansenummer: Y2HBRT

Registrert dato: 10.03.2021 09:04:01

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om føretak/lag/foreining	
Organisasjonsnummer 975285855	
Føretak/lag/foreining Kaland barne-og ungdomsskule	
Adresse Vardevegen 51	
Postnummer 5953	
Poststad FONNES	
Telefon 99706344	
birgitte.gullaksen@austrheim.kommune.no	

Uttale	
Har du/dere fått høyringssaka i adressert sending frå kommunen	
<input checked="" type="radio"/> Ja	
Namnet på høyringssaka	
<input type="radio"/> Igangsetting av planarbeid for «Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002	
<input type="radio"/> Igangsetting av Detaljregulering for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim vidargåande skule, planid 2021001	
<input type="radio"/> Mindre planendring til Detaljregulering for Hyttefelt H06 Bergsvik, planid 2006003	
<input checked="" type="radio"/> Oppstart av arbeid med kommunal trafikksikringsplan	
Høyringsbrevet frå kommunen er datert 09.02.2021	
Uttale	
<input checked="" type="radio"/> Eg ønskjar å heilt eller dels uttale meg i tekstfeltet under	
<input type="radio"/> Eg har min fulle uttale i eigne dokumentar som eg ønskjar laste opp som vedlegg	
Uttale til saka	
Kaland barne-og ungdomsskule har innspel til trafikksikringsplanen som gjeld området der bussane set av og tek på elevane før og etter skuletid. Dette er parkeringsplassen og vegen på vestsida av skulen.	
Det skal nemnast at skulen og FAU oppfordrar foreldra til eit køyremønster der dei kører inn til skulen frå sør og ut frå skulen mot nord, sidan det ikkje er plass til at to bilar kan møtast på store delar av strekninga. Når det skjer at bilar møtast, må det ofte ryggast, eller stoppast i innkøyrslar til eigedomar. Det kan føra til uheldige situasjonar.	

Når bussane kjem, er det laga til for at dei skal stoppa i vegbana når dei skal sleppe av eller ta ombord elevar. Det fører til at vegbana er sperra, slik at det lett kan danna seg kø bak bussane (nokre gonger mellom bussane), eller uønska køyring inn på parkeringsplassen nedanfor skulen, der berre elevane skal vera.

Om morgonen har bussane korte stopp, slepper av elevane og kører ut av området, men det skjer til tider der foreldre bringer borna sine til skulen eller barnehagen, slik at det kan vera stor trafikk og eit uoversiktleg trafikkbilete for både store og små.

Etter skuletid kjem bussane rundt 14.05-14.10, og vert ståande til 14.20 (etter rutetida). Då kan vegen vera sperra i opptil 10-15 min.

Det kan og føra til uheldige situasjonar. Særleg når det regnar er det auka trafikk med bilar i området etter skuletid, kø bak bussane og nokre gonger mellom bussane.

No har vi hatt denne situasjonen over tid, og det fungerer ikkje godt. Det er av ulike grunnar heller ikkje kome opp skilting av plassen, slik at trafikantane kan sjå kva som gjeld. (Vi kjem langt med sunn fornuft, men ikkje alltid.) Vi meiner at dette er noko det kan gjerast noko med.

Vi meiner at det bør lagast til for av-og påstiging på innsida av fortauet, slik vi hadde det før ombygginga. Då kan trafikken gli sakte på utsida, ingen bilistar treng «stresse» med å komma seg ut før bussen kjem.

Vi er ellers nøgde med at det er gode fortau elevane skal nytta når dei går til og frå skulen.